



Ei alternativ verdisetjing kan utløyse stort engasjement langs elva. Her er ein sommarleg idyll ved ein av dei mange gode fiskeplassane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Måndag 23. april skal Uskedalen Grunn- og elveeigarlag halde årsmøte på Stenneplassen. Verdisetjing av elveressursane for rettshavarane (grunneigarane) blir der ei viktig sak, som kan utløysa stort engasjement

- Vi skal drøfta oppstart av eit utgreiingsarbeid, opplyser skrivar Kristian Bringedal til uskedalen.no. Han forklarar bakgrunnen for at det er naudsynt med ei utgreiing:

- I dag får grunneigarane utbetalt luter etter skyldmark. Det betyr at ein grunneigar som har eit stort bruk men eig ei kort lengde langs elva likevel får utbetalt ein stor lut. Den som eig "mykje" elv og har ulemper med trakk og tilkomst men har eit lite bruk får derimot utbetalt ein liten lut. Dette er ikkje rett, hevdar mange.

I gjeldande driftsplan (2005/2010) heiter det at ein i planperioden skal starta arbeidet med alternativ verdisetjing av elveressursane for rettshavarane og det er dette som nå skal skje. Årsmøtet skal godkjenne oppstarten på dette arbeidet, opplyser Bringedal.

På saklista for årsmøtet står også andre tiltak i tråd med driftsplanen og handlingsplanen for dette året. Den biologiske hovudmålsetjinga for vassdraget er å utvikla og oppretthalda ei god aurestamme i vassdraget medan den næringsmessige hovudmålsetjinga er å utnytta ressursane på ein slik måte at dei gir økonomisk utbytte til landbrukseigedomane.

Viktige arbeidsoppgåver er til dømes utvikling av gytebestanden, halda fram med kalking og dermed betra vasskvaliteten, betra tilgangen til elva og utvikla samarbeid om næringsutvikling til dømes ved bruk av samansette produktpakkar.

Dei som no sit i styret er Kåre Vetrhus (leiar), Johannes Fet, Trond Myklebust, Tore Musland og Kristian Bringedal.

Uskedalselva har ein sjøauførande strekning på 13 kilometer hvis ein også tek med to kilometer av Børsdalselva.

Av Ola Matti Mathisen